

Lindås kommune  
Rådhuset

LINDÅS KOMMUNE	
Møtedag	
12 FEB 2019	
17/30/13	Løpenr.
	Tilgangskode

Eidavegen 561, 5992 Ostereidet, den 8. februar 2019

### Høyringsrunden for kommuneplanen, ønskje om ei mindre justering

Denne henvendinga gjeld spursmålet om høyringsrunden for den nye kommuneplanen kan tillata ei mindre justering. Nærare bestemt gjeld det eit avgrensa område i gnr 234 bnr 43 i Eidetræet, ein tidlegare husmannsplass som går under namnet Hellebergstykket og har adresse Heltveitvegen 29. (sjå vedl. 1) Det vel 1.5 dekar store stykket er vestre del av Helleberget, den historisk viktige naust- og landingsplassen for sjøtransporten mellom Osterfjordsida og områda nordafor, inkludert Gulen.

I gjeldande kommuneplan ligg området i arealkategori LNF. Det høver bra, mellom anna på grunn av ei eldgamal steinbru og gangveg fram til området sitt landings- og fortøyingssberg, tre gamle naust og gjennomgang til fire andre rett nordafor. Hellebergstykket var i si tid strandsitjarplass med ei lita stove, løe og eit naust. Av desse er no berre grunnmurrestar att.

Som nyleg eigar er eg nøgd med at Helleberget framleis har LNF-status. Det denne saka gjeld er om ein liten del av vårt Hellebergstykke kan få ein slik status at det vert lettare å få lov å byggja opp att stykket sitt naust.

Dette smale området er merkt med blått i vedlegg 1, og er det ein kallar ein utkilen. Det vil seia at det både på landsida mot vest og i nordenden ligg under brattberg som gjer det til ein «endestasjon». Det er ca.20 meter langt og 10 meter breitt. Skal ein vidare nordover langs stranda nyttar ein gangvegen over vårt stykke opp til ei grind ovafor der brattberget byrjar.

Midt i denne «utkilen» låg Hellebergstykket sitt tidlegare naust. Mellom anna er det avteikna på eit kart frå 1895-6 laga i samband med utskiftingsoppmålinga.(vedl 2). Rest av grunnmur er enno synleg. Alternativ bruk av området er etter mitt syn ikkje tenkjeleg. Ei synfaring vil sikkert bekrefte det.

Under arbeidet med tileigninga av Hellebergsstykket på ettersommaren 2018, men før me hadde fått skøytet, gjekk fristen ut for innspel til den nye kommuneplanen. Uansett ville me nok difor kome litt på etterskot, men etterskotet vart auka med seks veker i samband med at søknaden til Lindås kommune om konsesjonsfritak låg urørd i seks veker, etter det eg fekk høyra på grunn av eit sjukefråvær. Det får no vera som det vil. Då eg purra på saka vart det ordna på dagen.

Grunnen til ønsket om å byggja naust i den nemnde «utkilen» er at familien har ein gamal slekts-eigedom (det gamle lensmannshuset og to småbygg) på Indre Eide på Ostereidet, med adresse Eidavegen 561. Denne eigedomen har ikkje eigen tilgang til sjø, så dei seinare åra har me leigd naust for å ta vare på to restaurerte færingar, begge i aktiv bruk. Dei siste åra er husa på Ostereidet oppgraderte og mykje brukt, ikkje minst av underteikna i samband med lokallhistorisk arbeid. Mellom anna er Eidetræet si søge dokumentert. I samband med det er eg oppteken av at Helleberget skal vera ivaretatt i framtida. Dette var medverkande til at kona og eg nyleg har kjøpt det vestre stykket.

Får me høve til å byggja opp att det nemnde naustet, vil det verta det åttande i nærområdet (tre på sjølve Helleberget og fire rett nordom). To av dei siste er heilt nyoppførde. Me håpar det siste kan vera med å skapa ein viss presedens for oss, likeeins at stykket vårt har brua og det meste av gangvegen fram til alle dei andre sine naust, men utan å ha naust sjølv.


Eit eventuelt naust i utkilen vil bli bygt og plassert slik at det høver naturleg inn med dei eksisterande. Ei lita vik som me eig like vest for dei tre noverande nausta (sjå vedl 1) bør stå urørd slik at folk har ein plass å dra opp småbåtar.

. I von om positivt svar

Vidar Lehmann  
Venleg helsing Vidar Lehmann

Vedlegg (1) Nærområdet med Hellebergstykket innteikna. (2) kart over Ytre Eide/Eidetræet frå 1895-6

vedl 1.a



- |                        |                 |
|------------------------|-----------------|
| Målte Grenser          | Våningshus      |
| Registrerte Grenser    | Større bustader |
| Udefinert grenser      | Hytte/feriehus  |
| Terrengmålte grense    | Garasje/uthus   |
| Konstruert grensepunkt | Industri/lager  |
| Bolig                  | Andre bygg      |
| Bustad m/leilighet     |                 |
- Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.  
Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)  
Høydesystem: (EPSG:)



Grunnkart.

Lindås kommune  
Geodata avdeling

Dato: 2019.02.07  
Sign: SSO

G.nr. 234, b.nr. 43.



Målestokk  
1:500





<ul style="list-style-type: none"> <li>— Målte Grenser</li> <li>— Registrerte Grenser</li> <li>Udefinert</li> <li>Terrengmålt</li> <li>Konstruert</li> <li>Bolig</li> <li>Bustad m/leilighet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Våningshus</li> <li>Større bustader</li> <li>Hytte/feriehus</li> <li>Garasje/uthus</li> <li>Industri/lager</li> <li>Andre bygg</li> </ul>	 <p>Lindås kommune Geodata avdeling</p> <p>Ortofoto 2015.</p>	<p>N</p>  <p>Målestokk 1:500</p>
<p>Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende. Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632) Høydesystem: (EPSG:)</p>		<p>Dato: 2018.11.08</p> <p>Sign: SSO</p>	<p>G.nr. 234,</p>

— — — — — : Korrigert grenseline





vedl. 2 a

**HART**  
over  
indmarken og udmarken til gården  
**YTRE-EIDE**

Hesangers thinglag, Nordherdlands fogderi  
Søndre Bergenhus amt

optaget år 1875 og 76 af  
J. Sundby

a Andreas A. Eide  
b Hans E. Eide  
c Elling C. Eide  
d Mons M. Eide  
e Johannes Eide  
g Kommunen  
h Indre Eide  
i Sils i Frøst

HELLEBERG STYKKET →

↑ NAUSTET





vedd. 2/6

Rest av  
nøstegummen  
des.  
2018

